



## SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Nina Erdal	Arkivkode: FE-232
Arkivsaksnr: 21/601	Løpenr: 22/5876
Sakstype: Politisk sak	

### SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	28.07.2022	033/2022

### Høyringsuttale til forslag til endring i eigedomsskattelova

#### 28.07.2022 Formannskapet:

Handsaming i møtet:

Rådmannen sitt framlegg vart samråystes vedteke.

#### FORM- 033/2022 Vedtak:

Samnanger kommune støtter KS og LVK sin felles høyringsuttale om forslag til endring i eigedomsskattelova om eigedomsskatt på grunn under kraftlinjer.

Kommunen ser positivt på at intensjonen med finansdepartementet sin høyringsrunde med framlegg til endring i eigedomsskattelova, er å rydde opp i den vanskelege situasjonen som dommen i Borgarting lagmannsrett 11. oktober 2021 har skapt. For at denne intensjonen skal kunne gjennomførast bør eigedomsskattelova endrast slik KS og LVK foreslår.

Lovpresiseringa som KS og LVK foreslår, går ut på at det er eigar av anlegget som skal svare skatt på anlegget, inklusiv nødvendig tomtegrunn. Denne lovpresiseringa er foreslått å ta inn som eit tillegg til § 8 A-2 annet ledd ny siste setning (utheva her): «*Verdet av vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum skal setjast til teknisk verdi, eller avkastningsverde når det gir best uttrykk for verdet. Det er eigaren av anlegget som skal svare skatten på anlegget, inkludert tomt som høyrer til.*»

Forslaget bør tre i kraft allereie fra 1. januar 2022.

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune støtter KS og LVK sin felles høyringsuttale om forslag til endring i eigedomsskattelova om eigedomsskatt på grunn under kraftlinjer.

Kommunen ser positivt på at intensjonen med finansdepartementet sin høyringsrunde med framlegg til endring i eigedomsskattelova, er å rydde opp i den vanskelege situasjonen som dommen i Borgarting lagmannsrett 11. oktober 2021 har skapt. For at denne intensjonen skal kunne

gjennomførast bør egedomsskattelova endrast slik KS og LVK forslår.

Lovpresiseringa som KS og LVK forslår, går ut på at det er eigar av anlegget som skal svare skatt på anlegget, inklusiv nødvendig tomtegrunn. Denne lovpresiseringa er foreslått å ta inn som eit tillegg til § 8 A-2 annet ledd ny siste setning (utheva her): «*Verdet av vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum skal setjast til teknisk verdi, eller avkastningsverde når det gir best uttrykk for verdet. Det er eigaren av anlegget som skal svara skatten på anlegget, inkludert tomt som høyrer til.*»

Forslaget bør tre i kraft allereie fra 1. januar 2022.

#### **Dokument som er vedlagt:**

Felles høyringsuttale om endring i egedomsskattelova - LVK og KS 25.07.2022

#### **Dokument som ikkje er vedlagt:**

- Finansdepartementet sitt høyringsnotat 23. juni 2022  
(<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/horingsnotat-forslag-til-endringer-i-egedomsskattelova-om-eiendomsskatt-pa-grunn-under-kraftlinjer/id2920655/>)

#### **Kva saka gjeld:**

23.juni 2022 sendte Finansdepartementet eit forslag til eigne reglar i egedomsskattelova om egedomsskatt på grunn under kraftleidningar ut på høyring. Forslaget går ut på at netteigar (nettselskapa) skal betale egedomsskatt på verdien av retten til å føre fram og ha kraftleidningar over grunnen (framføringsretten), mens den enkelte grunneigar skal betale egedomsskatt av den restverdien som måtte ligge i at den formelle egedomsretten er i behald og at grunneigar framleis kan drive jakt og fangst i traseane.

Bakgrunn for lovforslaget er Borgarting lagmannsrett sin dom 11.oktober 2021 der retten kom fram til at framføringsretten ikkje kunne likestilla med ein tidsgrensa festerett, der festaren skattemessig vert sett på som eigar fordi han har råderett over grunnen i uoverskodleg tid. Fram til i dag har egedomsskatt på grunnen i traseen alltid blitt tilordna nettselskapa. Lagmannsretten sin dom inneberer dermed brot med ein langvarig og fast praksis.

Siktemålet med departementet sitt forslag er i fylge høyringsnotatet, å rydde opp i den vanskelege situasjonen som dommen i lagmannsretten har skapt. Forslaget oppfyller i midlertidig ikkje siktemålet. KS (Kommunesektorens organisasjon) og LVK (Landsamanslutninga av Vasskraftkommunar) har sendt felles høyringsuttale i saka. Dei oppfordrar kommunane å gje eigne høyringsuttalar.

Høyringsfrist er allereie 29.juli. For at Samnanger kommune skal kunne gje uttale, vert saka derfor lagt fram i formannskapet sitt ekstramøte 28.juli.

#### **Vurderingar og konsekvensar:**

Felles høyringsuttale frå KS og LVK ligg vedlagt saka. Dersom departementet sitt forslag til endring vert vedtatt, vil alle kommunar som skattlegg kraftnett måtte foreta omtakseringar av kraftnettet. Omtakseringa vil vere omfattande ettersom dei fleste kommunane må vurdere om det er ein egedomsskattepliktig restverdi for kvar einskild grunneigar langs kraftlinjene. Vurderinga som må gjerast krev og at kommunane må få bistand frå sakkyndig taksator. Det vil gje både betydeleg meirarbeid og utgifter. Det er ikkje forventa at dette arbeidet vil kunne gje meirinntekter i form av auka egedomsskatt på grunn.

Eit anna moment i forslaget til lovendring som er problematisk, er at det skal skrivast ut eigedomsskatt på ein rettigheit. Forslaget bryt med det heilt grunnleggande ved eigedomsskatten. Eigedomsskatt er ein brutto skatt på fast eigedom som objekt, ikkje ein skatt på rettigheit i fast eigedom som eigne skatteobjekt.

Det går fram av både uttale frå finansministeren og frå pressemeldinga til Finansdepartementet at hensikta med å foreslå å endre eigedomsskattelova, er å rydde opp i den vanskelege situasjonen som dommen i lagmannsretten har skapt.

Dette kan enkelt gjerast ved å ta inn eit tillegg i eigedomsskattelova § 8 A-2 som KS og LVK foreslår i sitt høyringssvar: «det er eigaren av anlegget som skal svare skatten på anlegget, inkludert tomt som høyrer til»

Vil det gjort på denne måten, vil det:

- Ikkje vera behov for ny taksering av grunn.
- Det vil vere tydeleg kven som skal betale eigedomsskatt av grunnen.
- Grunnleggande prinsipp i eigedomsskatten vert ikkje endra på.
- Det vil ikkje endra nettselskapas eigedomsskatt.
- Det vil ikkje bli skrive ut eigedomsskatt til grunneigar.

Med eit tillegg/presisering av kven som skal svare eigedomsskatt på grunnen, vil det som har vore praksis i mange år bli vidareført.